

Arkivsak: 2016/5254-18

Intensjonsavtale med kommunane – vidareføring av tenestene i Business Region Bergen

Eigarane i Business Region Bergen AS i møte 26.05.2016 sette ned ei representativ arbeidsgruppe for å legge fram eit alternativ til organisering og finansiering av dei oppgåvene som vart ønska vidareført i fellesskap frå Business Region Bergen. Hordaland fylkeskommune, ved Fylkesdirektør for Regional utvikling, leia gruppa og er sekretariat for arbeidet. Oppgåvene og framlegg til organisering er presentert i eit eige notat som er vedlagt.

Framlegget som vart presentert, og som eigarkommunane i BRB og Hardangerrådet slutta seg til i møte 24.06.2016, peikar i hovudsak på to oppgåver som skal finansierast i fellesskap mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane i Hordaland. Dette gjeld Etablerersenteret og Invest in Region Bergen.

Etablerersenteret vert lagt til Fylkeskommunen under merkevara «Etablerersenteret» og vil ha eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Etablerersenteret skal arbeide utadretta i fylket og vil samarbeide tett med dei eksisterande nærings- og etablereraktørane i kommunane / regionane. Dette vil heve den totale innsatsen og den samla kompetansen innan arbeidet med etablerertenensten i fylket.

Invest in Region Bergen vert lagt til Hordaland fylkeskommune, men det er tydeleg at det er merkevara «Region Bergen» som skal fremjast. «Region Bergen» vil representere heile fylket (dei kommunane som er med og betaler), men det er semje om å nytte «Bergen» i merkenamnet for regionen, då dette har eit godt renommé i utlandet. Oppgåvene vert etablert som eit «næringsutviklingsprogram» i Hordaland fylkeskommune, med eige kostnads- og finansieringsbudsjett. «Invest in region Bergen» inneber å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressentar.

Begge prosjekta vil ha ei styringsgruppe som representerer kommunane. Vidare vil det kvart år verte invitert til ordføraramøte for å drøfte strategiske grep for prosjekta.

For å sikre dei tilsette som er knytt til dei to prosjekta treng fylkeskommunen å få på plass intensjonsavtalar for finansiering med alle kommunane så snart som råd.

Følgjande finansieringsmodell sikrar oppgåvene som skissert:

Etablerersenteret: kr 3 per innbyggjar årleg

Invest in Region Bergen: kr 4 per innbyggjar årleg

Hordaland fylkeskommune betaler årleg samla kr 7 per innbyggjar i Hordaland fylke.

Lindås kommune betaler kr 7 pr innbyggjar for å dei to prosjekta Etablerersenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald for justeringar i høve årlege budsjetthandsamingar i kommunane og fylkeskommunen. Det vert utarbeidd ein avtale som regulerer samarbeidsforholdet ytterlegare frå 2017.



Astrid Aarhus Byrknes
Ordførar
Lindås kommune

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann
Hordaland fylkeskommune

Vedlegg: Notat om vidareføring av tenestene i BRB, revidert 19.09.2016.

